

## **NOSP103 og NOSP103-L, Nordisk: Språkhistorie og talemål**

NOSP103: 15 studiepoeng. NOSP103-L (lektorutdanninga): 10 studiepoeng.  
I kvar veke i 13 veker: to dobbelttimar førelesingar, to dobbelttimar med øvingar  
(med førelesarane).

Nynorskkurs i 5 veker: ein dobbelttime kvar gong.

Tema: eldre språkhistorie, norrønt (mindre enn før hausten 2015), talemål,  
fonologi, sosiolingvistikk, islandsk og færøysk.

NOSP103-L hadde mindre fonologi og ikkje islandsk og færøysk.

Emneansvarleg: Ivar Utne (ikkje undervisning)

Lærarar: Gunnstein Akselberg (språkhistorie, norrønt, sosiolingvistikk), Helge Sandøy (talemål, fonologi, islandsk, færøysk).

Skoleekamen: 6 timer for NOSP103 og 4 timer for NOSP103-L.

Obligatorisk heimeoppgåve i nynorsk, 350 ord.

### **OPPLYSNINGAR OM SENSUR KJEM**

17 av 66 på NOSP103 svarte på spørjeskjemaet, og 12 av 19 på NOSP103-L. I alt 29 svar blant 85.

Lektorstudentane var litt meir nøgde med studiet enn dei som følgde det utvida studiet.

NOSP103-studentane låg på middels eller svakt lågare for heilskap, pensum og øvingstimar. NOSP103-L-studentane låg på middels for heilskap, elles høgare.

På spørsmål om kva studentane skulle bruke studiet til, svarte alle, med unntak av 1 som berre peikte på skribent og anna. Alle dei øvrige svarte at dei tenkte å bli lærarar, sjølv om to i tillegg oppga forfattar og arbeid i forlag.

Vi stilte mange spørsmål om nynorsk.

På nynorskkurs ønskjer dei fleste grunnleggjanade grammatikk, særleg bøying og ordval; og øvingar, anten i timane eller mellom timane.

Meir enn halvparten som kommenterer den obligatoriske oppgåva, ønskjer at oppgåva kan ha fleire enn 350 ord.

Vi spurde om nynorskordliste til eksamen. NOSP103: 9 ja, 2 nei, 3 for og mot. NOSP103-L: 6 ja, 1 nei, 2 for og mot. Sum: 15 ja, 3 nei, 5 for og mot.

Av andre kommentarar legg eg merke til at nokre meinte det var for omfattande studium. To av lektorstudentane peikte på at det var liten skilnad i omfang mellom deira 10 studiepoeng og dei andre sine 15 studiepoeng.

Nokre få nemner at det var uklart opp mot eksamen korleis oppgåvene skulle sjå ut.

### *Kommentarar frå emneansvarleg:*

Det kan sjå ut til at NOSP103 og NOSP103-L bør få eit mindre omfang. Det kan ev. løysast med tydelgare struktur fordi emnet no kan hende har for mange ulike deltema.

Uklarheita om eksamen galdt om dei skulle få val og korleis valmodellen skulle sjå ut. Mot slutten av semesteret var nokre av studentane ikkje nøgde med at vi ikkje gjekk ut med presis modell, men berre med moglege modellar, bl.a. to av tre oppgåver (som ev. har underspørsmål). Det er slik vi alltid gjer, og vil kome til å gjere. Dette går fram av gamle eksamensoppgåver. Avvik frå det vil i så fall blir gjort kjent spesielt.

Kommentarane til nynorskkurset var svært omfattande, med mange synspunkt og framlegg. Det er ikkje teke med ovanfor, men vil bli teke med som innspel til komande kurs. Vi stilte mange spørsmål om nynorskkurset for nettopp å få innspel til eit kurs der vi har prøvd mange variantar, og der vi vil gjere noko for å treffe den varierte studentgruppa betre.

På grunn av fleire brev og munnlege kontaktar frå studentane på dette kullet om nynorsk ordliste, stilte vi òg spørsmål om dette, både for og mot ordliste, og korleis dei tenkte om dette. Grunnjevingane tek vi med vidare når vi vil vurdere dette. Som vil ser ovanfor, er det klart fleirtal for ordliste blant dei som har svart. Vi har òg hatt saka oppe i programstyret i haustsemesteret, der studentrepresentantane hadde hatt saka oppe i fagutvalet. Der var det ikkje klar støtte blant studentane.

22.1.17 (rev.)

Ivar Utne